



PROSEDYRE FOR TILDELING VED TREKNING - KOMMUNALE BUSTADTOMTER

Prosedyren skal følgjast når kommunen har annonsert kommunale tomter med gitt søknadsfrist.

GENERELT

1. Føresetnad for søknad / tildeling er at søkjar skal bygge bustadhus for eige bruk.
2. Berre 1 søknad (søknadsskjema) per husstand / familie eller prosjekt. Ikkje-sambuande kjærastepar kan kun levere ein søknad.
3. Søknaden må vere utfylt med oppgjeven ønskja tomt (med tomtenummer) i prioritert rekkefølge og namn med kontaktinformasjon (adresse, tlf. nr. og e-post), på kven tomta skal tildelast.
4. Søknaden må vere mottatt hos kommunen seinast annonsert dato for søknadsfrist.
5. Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema som vert vist til i utlysinga.

TILDELINGSPROSEDYRE

1. Trekning vert gjennomført administrativt av kommunen, der 3 tilsette er til stades, og som signerar protokoll for rett trekning. Teknisk etat syt for gjennomføring av trekninga.
2. Alle søknader vert lagt samla i ei boks, då har alle søkjarane lik sjanse til å verte trekte ut.

Runde 1:

1. Trekninga gjennomførast ved at ein søknad vert trekt ut, dersom 1. prioritet er ledig vil søkar få denne tildelt.
2. Dersom 1. prioritet ikkje er ledig, får søkjar tildelt prioritet nr. 2.
3. Dersom 2. prioritet ikkje er ledig, får søkjar tildelt prioritet nr. 3. og vidare etter same system til 4. og 5. prioritet.
4. Dersom alle tomter som søkjar har sett opp allereie er tildelt andre, vil vedkomande ikkje få tildelt noko tomt.
5. Slik held trekningane fram til alle søknader er trekt ut. Trekninga kan altså ende med at nokre søkarar ikkje får tildelt nokon av sine ønska tomter.

Runde 2:

Dersom nokon av dei som har fått tildelt tomt trekk seg innanfor angitt frist, vil tomta som då vert ledig bli tildelt søkjarar i første runde som ikkje fekk tildelt tomt. Ein føresetnad er at aktuell tomt står oppført på deira søknad. Er der fleire som har tomta på søknaden sin, vert det utført trekning mellom desse. Vi skil då ikkje mellom kva prioritet den enkelte har ført opp den aktuelle tomta på.

Runde 3:

Eventuelle tomter som ikkje vert tildelt gjennom runde 1 og 2, vert deretter markert ledig. Då gjeld prinsippet "først til mølla", tidlegare søkjarar vil ikkje ha nokon forrang. Jf. elles kommunale retningslinjer og praksis for tomtosal.

SALSVILKÅR

Ein viser elles til:

[Generelle salsvilkår for kommunale bustadtomter](#), vedtekne i Ulstein kommunestyre, sak 19/86, kommunal praksis og kommunal kjøpekontrakt i samband med overskøyting av kommunale bustadtomter.